

## Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Radøy kommune- Referat frå møte 29.06.2015

Møte mellom kommunekontakt og lokal prosjektleder i BOF

**Tidspunkt:** 29.juni 2015 09:30-14:00

**Kvar:** Radøy Rådhus

**Til stades:** Gunnhild Laxaa og Bente Kopperdal Hervik.

Fyrste del av møtet vert nytta til å tydeleggjere arbeidsoppgåvene til BOF som lokal prosjektleder. Det vert òg diskutert korleis prosjektet kan gjennomførast på best og mest mogeleg effektivt måte. Kom fram til at vi skulle byrje med avgrensing av områda og områdeskildringar, og så bestemme områdetype og verdsetting seinare. Innsamling av meir informasjon til prosjektet ved å gjennomføre barnetråkkregistreringar ved fleire av skulane og barnehagane vert diskutert.

Deretter fann vi fram eit turkart over Radøy kommune, og starta arbeidet med å lage ei grovskisse over dei viktigaste områda for friluftsliv i kommunen. Kvart av desse områda blei gitt ein unik ID, og ført inn i ein Excel-tabell saman med ei kort områdeskildring. Det vart identifisert 49 område.

Til neste møte skal Gunnhild reinskrive Excel-tabellen (områdeskildringane), og ta desse med på møtet. Nye manuskart må skrivast ut og tas med på møtes slik at arbeidet med å teikne opp grensar mellom områda kan gjerast meir nøyaktig. Desse karta bør ha ein større målestokk enn turkartet som vart brukt her.

Mot slutten av møtet kom Harald Stanghelle, rådgjevar i Radøy som jobbar med geodata, innom for å diskutera moglegitene for å gjennomføre ei web-basert spørjeundersøking i kommunen. Det vart laga ei skisse til korleis denne kunne sjå ut. Bør vere forståeleg for «folk flest».

Referent: Gunnhild Laxaa